

1-20 Godkjenning av innkalling, saksliste, dagsorden og forretningsorden

a) Innkalling

Førsteinnkalling vart sendt til lokallaga 23. januar, med tilleggspresisering 27. januar.
Andreinnkalling vart sendt til lokallaga 21. februar.

b) Framlegg til saksliste

1-20 Godkjenning av innkalling, saksliste, dagsorden og forretningsorden

2-20 Val av ordstyrarar og referent

3-20 Val av tellekorps og protokollunderskrivarar

4-20 Årsmelding 2019

5-20 Rekneskap 2019

6-20 Handlingsplan 2020

7-20 Budsjett 2020

8-20 Fråsegner

9-20 Val av nytt styre og samordningsstyre

10-20 Val av ny valkomite

11-20 Val av revisor

c) Framlegg til dagsorden

Forslag:

- 12.00 Helsingstalar
- 12.10 Finn Olav Rolijordet frå partileiinga innleier om arbeidet med arbeidsprogram, strategi og valkampen 2021.
- 12.45 Debatt
- 13.00 1-20 Godkjenningar
- 13.15 2-20 Val av ordstyrarar og referent
- 13.20 3-20 Val av tellekorps og protokollunderskrivarar
- 13.25 4-20 Årsmelding 2019
- 13.40 5-20 Rekneskap 2019

- 13.50 Pause

- 14.00 6-20 Handlingsplan 2019
- 14.35 7-20 Budsjett 2019
- 14.55 9-20 Val av nytt styre og samordningsstyre
- 15.10 10-20 Val av valkomité
- 15.15 11-20 Val av revisor
- 15.20 8-20 Fråsegner

- 16.00 Årsmøtet er slutt

Framlegg til vedtak:

Innkalling, sakliste og dagsorden blir vedteke

d) Framlegg til forretningsorden for årsmøtet til Rødt Hordaland

1. ORGANER

Årsmøtet består av delegatar frå lokallaga i Raudt Hordaland, styret, valkomiteen, ordstyrar, referent og tilsette i partiet.

2. BESLUTNINGSMYNDIGHET

Årsmøtet er vedtaksdyktig når møtet er kalla inn lovleg i tråd med vedtektene.

3. FORHANDLINGENE

Forhandlingane i årsmøtet vert ført for opne dører. Årsmøtet kan, med 2/3 fleirtal, bestemme at dørene skal lukkast slik at berre medlemmar av Raudt Hordaland kan delta.

Ein må ha vore medlem i Raudt Hordaland i minst tre veker og betalt medlemskontingent for 2020 for å ha tale-, forslags- og røysterett på årsmøtet.

Ordstyrar og referent har tale- og forslagsrett. Årsmøtet kan med alminneleg fleirtal gje andre talerett i enkeltsaker. Alle framlegg skal fremjast skriftleg, og det skal kome fram kva sak framlegget er til, kva type framlegg det er, kven som fremjer det og kva lag vedkommande er frå. Dersom det er linenummer i den aktuelle saka skal ein vise til linenummeret.

Ein får ordet etter å ha vist teikn til ordstyrar. Det blir gitt høve til to replikkar til kvart innlegg, med høve til svarreplikk. Taletida på innlegg skal ikkje vere lenger enn tre minutt. Replikkar skal ikkje vare lenger enn eitt minutt. Alle med forslagsrett kan foreslå avgrensingar i taletid for innlegg og replikk. Ordstyrar kan bestemma at møtedeltakarar som ikkje har fått sagt noko i saka tidlegare kan bli flytta forbi dei som har hatt ordet i saka før.

Alle med forslagsrett kan sette fram forslag om at det blir sett strek. Dette krev alminneleg fleirtal. Dersom dette blir vedteke skal ordstyrar opplyse at det er høve til å teikne seg før og under neste talar sitt innlegg. Samstundes skal ordstyrar lese opp talelista og spørje om nokon er oversett. Dersom det er naudsynt for å halde tidsskjemaet kan ordstyrar innskrenka taletida. Forslag som ikkje er kunngjort for årsmøtet kan ikkje leggest fram eller trekkast etter at det er sett strek.

4. FRÅSEGNER

Ei fråsegn skal vere ei utdjuping, konkretisering og supplerings av Raudt sin politikk. Fristen for å sende inn føreslag til fråsegner er 13. mars.

Endringsframlegg til innsende fråsegner må vere levert innan klokka 12.00 same dag som årsmøtet til e-post hordaland@raudt.no.

49 Merk e-posten med «Endringsframlegg og kva fråsegn det er til».

50

51 Til alle andre saker er fristen for forslag under saka fram til det blir sett strek. Alle forslag til
52 vedtak som ikkje gjeld dagsorden eller forretningsorden skal settast fram skriftleg til

53 ordstyrarbordet. Protokolltilførsjar kan krevjast av alle med røysterett på årsmøtet.

54 Protokolltilførsjar skal vere gjort kjent innan saka er avslutta og skal leverast skriftleg innan

55 møteslutt. Framlegg til endring av forretningsorden eller dagsorden som bryt saksdebatten

56 skal voterast over med ein gong. Framlegg om endring av forretningsorden eller

57 dagsorden under møtet krev minst 2/3 fleirtal av årsmøtet.

58

59 **5. VOTERING**

60

61 Votering skjer ordinært ved handsopprekking. Skriftleg votering vert gjort dersom ein

62 delegat krev det. Ved personval skal det haldast skriftleg val dersom det er fleire

63 kandidatar. Oppteljing vert gjort av eige oppnemnt teljekorps. Dersom det vert fremja

64 forslag om prøvevotering i ei sak, voterer årsmøtet først over om dei ønskjer ei slik

65 votering. Resultatet av prøvevoteringa får ingen følgjer for behandlinga av saka. Det skal

66 gjerast ei ny votering før endeleg vedtak er fatta. Vedtak skal fattast med alminneleg fleirtal

67 dersom ikkje anna er bestemt i vedtektene eller forretningsorden.

68

69 **6. ANDRE VEDTAK**

70

71 Dersom eit spørsmål ikkje er regulert i forretningsorden eller av vedtektene, kan årsmøtet

72 med alminneleg fleirtal avgjere kva praksis som skal gjelde.

73

74

75

76 **Framlegg til vedtak:**

77 Forretningsorden blir vedteke

78 **2-20 Godkjenning av innkalling, saksliste, dagsorden og**
79 **forretningsorden**

80

81 Ordstyrar skal sørge for at den som vil ha ordet kjem til ordet, og protokollfører skal sørge
82 for at alle vedtak kjem med i protokollen.

83

84

85 **Forslag til vedtak:**

86 Årsmøtet vel Åshild Austegaard og Sindre Johannes Taxt Måge til ordstyrar og Even
87 Underlid og Mailiss Solheim til protokollførarar.

88

89

90

91 **3-20 Val av teljekorps og protokollunderskrivarar**

92

93 Det blir valt eit teljekorps som tel røyster dersom det er uklårt kva som får fleirtal. Vi treng
94 protokollunderskrivarar som godkjenner og skriv under protokollen.

95

96

97 **Framlegg til vedtak:**

98 **4-20 Årsmelding 2019**

99

100 **1) Distriktsstyret i 2019**

101

AU		
Funksjon	Namn	Lokallag
Leiar	Jeanette Syversen	Rødt Bergen nord
Første nestleiar	Magne Hagesæter	Rødt Bergen vest
Andre nestleiar:	Åshild Austegard	Rødt Bergen sentrum
Kasserar	Frank Mo	Rødt Bergen nord
Sekretær	Torill Frøise <i>(trakk seg i oktober. Even Underlid har fungert som sekretær under fylkesstyremøta sidan dette)</i>	Rødt Askøy
Regionvise styremedlemmar		
Voss	Bridget Penny	Voss
Hardanger	Sindre Måge	Ullensvang
vara	Odd Idar Olsen	Ullensvang
Midthordland	Nils Bjarte Sæle	Øygarden
vara	Reidun Tjome	Askøy
Sunnhordland	Vigdis Madssen <i>(trakk seg i desember)</i>	Etne
Nordhordland	Toril Mongstad	Alver
vara	Hendrik Weber	Alver

102

103 **Revisor:**

104 Frode Mannsåker

105

106 **Samordningsstyret:**

107 Magne Hagesæter, Frank Mo, Gunnar Rutle

108

109 **Fylkestingsrepresentant:**

110 Jeanette Syversen (Gruppleiar fylkestinget 2019 – 2023)

111

112 **Organisasjonsutvalet** (opprett oktober 2019):

113 Reidun Kjome, Gunnar Rutle, Magne Hagesæter, Torill Mongstad (trakk seg i desember) og Stian
114 Stavland (valt av Bergensstyret). Mailiss Solheim (regionsekretær) stiller på møta.

115 **2) Fylkestingsarbeidet**

116

117 Fylkestingsgruppa er dobla etter valet 2019, dei møtes jamleg og held kontakt via e-post og
118 Facebook. Sjå eigen rapport frå Fylkestingsgruppa. Blir lagt fram seinast på møtet.

119 **3) Deltaking i landsstyret og Raudt nasjonalt**

120

121 **Landstyrerepresentant for Hordaland:** Nils Bjarte Sæle.

122 Første vara: Torill Frøise

123 Andre vara: Jeanette Syversen

124

125 Medlemmar i Raudt Hordaland er representert følgjande utval og komitear:

126 SST: Rose Maiken Flatmo (Raudt Stord)

127 Kvinnepolitisk utval: Camilla Kitty Karlsen Lexander

128 Raudt nytt: Åsne Hagen

129 Miljø og Næringspolitisk utval: Mailiss Solheim og Jeanette Syversen

130 Kommunalpolitisk utval: Jeanette Syversen

131 **4) Tilsette**

132

133 **a) Distriktssekretær**

134

135 Torill Frøise har trekt seg frå vervet som styresekretær. Even Underlid har fungert som sekretær
136 på styremøta i von om at det har kome på plass ein ny distriktssekretær. Omstillinga har vore
137 utfordrande for styret.

138

139 **b) Regionssekretær**

140

141 Mailiss Solheim er tilsett i 50% stilling som regionsekretær for Vestlandet (Sogn og Fjordane,
142 Hordaland og Rogaland).

143

144 I perioden har regionsekretæren konsentrert seg om å stille lister, hjelpe lokallaga i
145 lokalvalkampen, følgje opp listekandidatar, besøke lokallag og stifte nye lokallag.

146

147 Regionsekretæren bidrog i samband med planlegginga og avviklinga av årsmøtet i Hordaland
148 Raudt 2019, samt med programmet og utarbeiding av valprogram for Raudt Vestland.

149

150 Etter valet har ho jobba med å innhente evalueringar og lage ein valkamprapport (tilgjengeleg for
151 medlemmar på førespurnad). I tillegg har ho utarbeida ei ressursliste over foredragshaldarar og
152 kurs som vart distribuert til lokallaga i januar, og det har også blitt halde mindre skoloring for
153 lokallag, slik som opplæring i Hypersys, samlinga i Sunnhordland, m.m.

154

155 **c) Distriktsstyret som arbeidsgivar**

156

157 Raudt sentralt står som formell arbeidsgivar medan distriktsstyret har det daglege ansvaret for dei
158 tilsette. Åshild Austegard har hatt rolla som nærmaste leiar for dei tilsette. Styret har vurdert at vi
159 må få på plass betre strukturar for dei tilsette og har begynt å etablere eit utval av personar som
160 sørge for at vi tar godt vare på dei tilsette, også i fall det oppstår konflikter eller uønskete hendingar.

161 **5) Medlems- og lagsutvikling**

162

163 Medlemsveksten i 2019 har vore på 34%. I perioden har vi fått nye lokallag i Bjørnafjorden
164 og Vaksdal og vi har dermed 16 lokallag i distriktet.

165
166
167

Oversikt over lokallag og medlemmar:

Lag	Medlemmar per 31.12			Auke i 2019
	2017	2018	2019	
Alver		21	33	36 %
Askøy	22	26	38	32 %
Bergen nord	44	65	102	36 %
Bergen sentrum	71	112	173	35 %
Bergen studentlag	17	10	19	47 %
Bergen sør	118	106	147	28 %
Bergen vest		82	121	32 %
Bjørnafjorden			27	100 %
Bømlo		8	10	20 %
Kvam	4	6	10	40 %
Kvinnherad	8	6	14	57 %
Stord	10	15	22	32 %
Ullensvang (tidl. Odda)	26	33	40	18 %
Vaksdal			7	100 %
Voss	16	21	28	25 %
Øygarden (tidl. Sotra)	9	16	28	43 %
Utan lag	25	24	13	-85 %
Sum	370	551	832	34 %

168

6) Organisatorisk arbeid

169

170

171

172

173

174

175

176

177

178

179

180

181

182

183

184

185

186

187

188

189

190

191

Distriktsstyret har i for liten grad greidd å etablere regionane i Hordaland som einingar med egne samlingar og oppfølgingsansvar slik som handlingsplanen tilsa. Unntaket er Sunnhordland (og omland) der det vart arrangert ei samling for lokallag og medlemmar i desember, samt Bergensregionen/Midthordland der fylkestingsgruppa arrangerte samling for folkevalde i desember. Vi ser at etableringa av regionar vil ta tid og at det per i dag er mest naturleg i regionar der det er mange nok lokallag.

I oktober etablerte distriktsstyret eit organisasjonsutval med fire medlemmar frå distriktsstyret og eitt frå Bergensstyret, samt regionsekretæren.

Organisasjonsutvalet har laga følgjande arbeidsplan for sitt arbeid:

1. Utarbeide ein 4-årig plan for organisasjonsbygging – med analyse av kor vi har potensiale til å vekse, opprette fleire lokallag og stille nye lister
2. Utarbeide rutinar for: oppfølging av nye medlemmar, fordeling på lokallag, arkivering, økonomiarbeid
3. Undersøking blant lokallaga om deira styrker/svakheiter/behov. Undersøking blant medlemmar om kva aktiviteter dei kan tenke seg å delta i.
4. Lage oversikt over/ta initiativ til kurs for medlemmar/lagsstyre i tema som: lesarinnleggskrivning, kasserarkurs, styrearbeid, medieproduksjon, arbeid i fagforeiningar og politiske kampanjar.
5. Ressursdatabase med foredragshaldarar, saman med opplegg for studiearbeid/møteseriar.

192
193
194
195
196
197
198
199
200
201
202
203
204
205
206
207
208
209
210
211
212
213
214
215
216
217
218
219
220
221
222
223
224
225
226
227
228
229
230
231
232
233
234
235
236
237
238

7) Økonomi

Økonomiarbeidet i valår er alltid noko meir krevjande enn utanom val. Budsjett var sett opp med mest mogeleg underskot, men takka være mykje dugnad og god organisering klarte vi godt resultat både på økonomi og stemmetal.

Sentral stønad er ført med 20 797 der 10 000 var direkte til valkamp og 20 797 til folkevaldsamlingar i etterkant.

I tillegg kjem at organisasjonssekretær sin stilling blei auka til 100% i valkampen betalt av Raudt sentralt.

I den nye fylkestingsgruppa har vi i 2019 brukt 64975 på eigen sekretær i 40% mellombels stilling. Totalt for 2019 har vi underskot på kr 93 305,- mot budsjettert 331 000,-

8) Styreåret 2019

Året har vore prega av kommune og fylkesvalkampen. Allereie same helga som styret vart valt, blei og programmet halde. Styrearbeidet har denne tida dreia seg om listestilling, program samarbeidet med Sogn og Fjordane og sjølve strategiutviklinga for valkampen. Leiar har vore spesielt oppteken med valkamparbeidet, då ho og har vore 1. kandidat og etter valet vert gruppeleiar. Nestleiar og 2. nestleiar delt på det organisatoriske arbeidet, og 1. nestleiar har sørga for at innkallingar og saksdokument har komme i tide, etter at fylkestingssekretær sa opp stillinga si i november.

Distriktsstyret har hatt fire møte (1. juni, 12. oktober, 23. november og 18. januar) og distrikts-AU har hatt sju møte (10. april, 3. mai, 11. juni, 1. august, 11. september, 6. november, 15. januar). Nytt i denne perioden er at distriktsstyret sine medlemmar skal representere dei fem regionane i Hordaland.

9) Valkamp 2019

Resultata tyder på ein velykka valkamp, med to representantar i Bergen bystyre, vi har fått inn fleire representantar også i nye kommunestyre som Øygarden, Stord, Kvam og Alver, samt dobla til to kandidatar i fylkestinget.

Vestland fylkesting: Det har vore krevjande for styreleiaren å samstundes vere toppkandidat. Det var litt tilfeldig i kva grad lokallaga prioriterte fylkesvalkampen og det vart ikkje gitt klare nok signal om at fylkesvalkampen skulle ha ein plass i lokale valprogram. Det kan og vere at det kunne vore mogleg å ha fått inn ein kandidat meir i fylkestinget, om vi hadde mobilisert meir og vunne fram i media på saka om å reversere regionreforma og arbeida politisk med fylkesbyggsaka.

Valkampoppsummering frå distriktsstyret ligg ved (vedlegg 1).

Valkamprapport frå fylkestingsgruppa vil vere tilgjengeleg på førespurnad.

Framlegg til vedtak:

Årsberetning 2019 blir vedteke

239 **Vedlegg 1:**

240

241 **Valkampoppsummering Raudt Hordaland 2019**

242
243 Vedteke av fylkesstyret i Raudt Hordaland 23.11.2019

244

245 **Fylkesvalkampen**

246 **1.1. Nominasjon**

247 Det var ein god og ryddig nominasjonsprosess. Det var vanskeleg å få kandidatar frå Sogn
248 og Fjordane høgt på lista. Høgaste var 4. plass. Nominasjonsmøtet vart gjennomført i
249 november året før valet og det var delegatval på møtet. Også ved vala i 2015 og 2011
250 skjedde nominasjonen høvesvis november og oktober (berre topp 10) året før. To
251 kandidatar blant topp 15 trakk seg i løpet av dei siste dagane før nominasjonen, av
252 forskjellige grunnar, men dette vart løyst på ein god måte og med gode erstattarar.

253 **1.2. Programprosess og førebuing**

254 Store avstandar gjorde det krevjande å lage program og programkomiteen fungerte ikkje
255 optimalt. Det var ein stor svakheit at programkomiteen ikkje tok utgangspunkt i
256 eksisterande program. Raudt Sogn og Fjordane hadde ikkje eit fullstendig valprogram i
257 2015 og har ikkje sete på fylkestinget på mange år.

258
259 Fristar for forslag og endringsforslag vart bestemt seint i prosessen og det medførte at
260 mange lokallag stilte sine forslag for seint til at vi fekk tid til å handsame dei på sjølve
261 programmet. Løysinga vart at ei stor mengd forslag vart sendt over frå programmet til
262 samordningsstyret og programkomiteen i fellesskap. Fleire var misfornøgde med måten
263 møtet og sluttbehandlinga vart gjennomført på.

264
265 Resultatet var likevel eit godt valprogram som balanserte begge fylkeslaga sine politiske
266 kampsaker Men i løpet av valkampen vart det tydeleg at ein god del saksfelt mangla i
267 programmet.

268
269 Også når det gjaldt utforming av materiell var det vanskeleg å einast tvers av dei to fylka,
270 og vi enda opp med at det vart laga forskjellig materiell.

271
272 Samarbeidet med Sogn og Fjordane skjedde overordna sett gjennom samordningsstyret. I
273 tillegg samarbeida valkampsekretær og toppkandidatane med fylkesstyret i Sogn og
274 Fjordane om reiser og arrangement under valkampen.

275
276 Samordningsstyret vart for Hordaland sin del formelt etablert på fylkesstyremøte oktober
277 2018, og vart vald på nytt og supplert med ein medlem på årsmøtet i mars 2019. På
278 landsmøtet mai 2019 vart samordningsstyre for fylkeslag tatt inn som ein del av nasjonale
279 vedtekter.

280 **1.3. Valkampen**

281 Førstekandidaten sakna eit godt apparat å ha rundt seg, og det var ei belastning for henne

282 å også ha leiervervet på same tid. Av ulike årsaker enda førstekandidaten opp med å
283 bruke ein del tid på praktiske oppgåver som distribuering av valkampmateriell, noko som
284 er ei svært ugunstig arbeidsfordeling.

285 Det var litt tilfeldig i kva grad lokallaga prioriterte fylkesvalkampen og det vart ikkje gitt
286 klare nok signal om dette.

287
288 Valkamputvalet fungerte dårleg, og det var uklarheit om mandatet. Dette skuldast mellom
289 anna at vi ikkje greidde å finne nok folk til å sitte i utvalet og at arbeidet kom for seint i
290 gong. Hovudgrunnen til dette er at dei fleste aktive medlemmane allereie var bundne opp i
291 kommunevalkampen. Valkampsekretariatet sine roller og oppgåver var ikkje klart nok
292 definert.

293
294 AU laga ein førebels valkampstrategi i april, men det vart ikkje laga mediestrategi og
295 distribusjonsplan slik som planlagt.

296
297 Det vart ikkje gjort spesielle tiltak for å samle inn pengar til valkampen, slik som til dømes i
298 Raudt Oslo.

299
300 Forhandlingane i etterkant var svært tidskrevande for toppkandidaten og ho burde hatt eit
301 sterkare apparat rundt seg også i denne tida.

302 **1.4. Politiske saker**

303 Bompengar vart ei viktig sak i fylkestingsvalet, særleg for befolkninga nord i Bergen og i
304 Nordhordland. Denne saka polariserte politikken til fordel for både Mdg og FNB. Vårt
305 standpunkt mot bompengar men for miljø var vanskeleg å formidle i denne situasjonen.
306 Her ser vi at vi kunne forankra vårt standpunkt betre i organisasjonen slik at vi kunne gått
307 klarare ut med våre standpunkt. Særleg kunne vi gått målretta inn i dei områda hardast
308 råka av auka bompengar.

309
310 MDG vaks også fordi klimaspørsmålet var sentralt i innspurten av valkampen og tok mest
311 sannsynleg ein del stemmer frå oss.

312
313 Vindkraft var ei viktig sak, særleg på Stord, i Nordhordland og i Sogn og Fjordane.

314 **1.5. Valresultat**

315 3,4% er det beste resultatet gjennom partiets historie (RV inkludert). Nest beste resultat
316 var 2,8% i 1999. Målsettinga var å komme inn med tre mandat, men i etterkant ser vi at
317 dette målet vart for ambisiøst.

318 **1.6. Konklusjonar**

- 319
- Ved programarbeidet må fristar for forslag og endringar vere avtalt og kommunisert tydeleg før prosessen startar
 - Sørg for at førstekandidat/toppkandidatane har gode apparat rundt seg.
 - Det må leggest meir til rette for at lokallaga òg kan drive fylkesvalkamp. Til dømes må dei bli tidleg minna på at alle lokale valprogram bør ha éin del reservert for fylkesvalkampen. Det må òg sendast ut kortprogram om forskjellige saksområde som kan tilpassast dei lokale forholda og tas med i lokale valprogram.
 - Starte tidlegare med valkamputvalet og sikre at vi har nok folk til å jobbe med fylkesvalkampen
- 320
321
322
323
324
325
326
327

- 328
- Valkampstrategi må innehalde distribusjonsplan og mediestrategi
- 329
- Satse meir på pengeinnsamling i løpet av valkampen
- 330
- Lage strategi for forhandlingane i etterkant av valet, og sette av folk til å bistå med dette

331 **Kommunevalkampen**

332 Kommunelaga har laga eller held på å lage sine egne oppsummeringar. Under følgjer ei
333 kort oppsummering av kommunevalkampen frå fylkesstyret sitt perspektiv.

334 **1.7. Listestilling**

335 Vi stilte 12 lister, samt ei fellesliste, noko som er dobbelt så mange som ved førre val i
336 2015 (6 lister) og på linje med det vi har hatt dei siste 20 åra: 2011: 14; 2007: 12; 2003: 13;
337 1999; 9.

338
339 Arbeidet for å stille lister der vi ikkje har lokallag starta seint og involverte berre AU og
340 regionsekretæren. Det vart gjort lite for å få lister i desse kommunane med unntak av
341 Bjørnefjorden, Vaksdal og Osterøy. Førstnemnde har mange medlemmar og gjorde mykje
342 av listearbeidet sjølv. I Vaksdal greidde vi akkurat liste. I realiteten vart den sendt inn etter
343 fristen, men valstyret i kommunen godtok det. Kommunen vi var nærast å få til liste i var
344 Osterøy, der vi til slutt landa på fem namn. Dei siste dagane sendte Raudt sentralt ut
345 melding i sosiale mediar der dei oppmoda til å sende inn namn, noko som gjorde at vi fekk
346 mange tips. Men dette var i seinaste laget for å få jobba godt med alle tipsa.

347 **1.8. Målsetting for 2019**

348 Målsettinga var å doble talet kommunestyrerepresentantar frå 7 til 14. I tillegg til dei
349 kommunestyra vi allereie var representerte i, var målet først og fremst å komme inn i Stord
350 og Alver, og i tillegg Kvam og Øygarden. Vi enda opp med 12
351 kommunestyrerepresentantar, og kom inn i alle kommunane vi trudde vi hadde sjanse til å
352 komme inn i. Nærmaste kommune var Vaksdal, der vi mangla 18 stemmer (0,8 %). I
353 prosent var vi også nær (0,3%) å komme inn med eit fjerde mandat i Bergen.

354 **1.9. Konklusjonar**

- 355
- Lage plan for listestilling minst eit år før listene skal vere innlevert
- 356
- Benytte oss av Raudt-medlemmar rundt om i landet som kan ha kontaktar i den aktuelle kommunen
- 357
- Opprette eit eige listestillingsutval, eventuelt med eigen listestillingssekretær i prosjektstilling
- 358
- Fylkesstyret bør sette av meir ressursar til å hjelpe lokallag og vallister i kommunevalkampen.
- 359
- 360
- 361

362

363
364

Kor mykje mangla vi for å få eit ekstra mandat:

Kommune	Mangla for å få neste mandat	
	Stemmer	%
Bergen	473	0,3
Vaksdal	18	0,8
Bømlo	56	0,9
Bjørnafjorden	132	1,0
Voss	103	1,2
Kvinnherad (R/SV)	82	1,3
Askøy	185	1,3
Alver	212	1,4
Stord	136	1,5
Øygarden	301	1,6
Ullensvang	104	1,7
Etne	40	1,8
Kvam	104	2,3
Vestland	7398	2,3

365
366
367

Valresultat i fylkestingsvalet, kommunar:

Kommune	Stemmer	Prosent
Alver	306	2,6
Askvoll	25	1,8
Askøy	369	3,2
Aurland	19	2,2
Austevoll	31	1,3
Austrheim	26	2,3
Bergen	6295	5,1
Bjørnafjorden	166	1,5
Bremanger	33	1,9
Bømlo	101	2,0
Eidfjord	11	2,6
Etne	44	2,5
Fedje	3	1,1
Fitjar	21	1,6
Fjaler	25	1,8
Gloppen	37	1,2
Gulen	16	1,5
Hyllestad	11	1,9
Høyanger	152	7,5
Kinn	403	5,5
Kvam	116	3,0

Kvinnherad	144	2,7
Luster	62	2,3
Lærdal	44	4,3
Masfjorden	10	1,2
Modalen	3	1,8
Osterøy	79	2,3
Samnanger	16	1,6
Sogndal	120	2,1
Solund	9	2,3
Stad	80	1,7
Stord	229	2,8
Stryn	93	3,0
Sunnfjord	262	2,5
Sveio	47	2,0
Tysnes	30	2,3
Ullensvang	554	10,6
Ulvik	17	3,2
Vaksdal	45	2,4
Vik	8	0,7
Voss	202	2,8
Øygarden	323	2,2
Årdal	69	2,5
Sum	10656	

368
369
370

Valresultat kommunevalkampen:

Kommune	2019		2015		2011	
	%	Mand.	%	Mand.	%	Mand.
Alver	2,0	1			1,1	0
Askøy	3,0	1	2,3	1	1,7	0
Bergen	4,9	3	2,3	2	3,2	2
Bjørnafjorden	1,0	0			0,3	0
Bømlo	1,7					
Etne	1,7					
Kvam	3,5	1			1,9	0
Kvinnherad (R/SV)	8,8	1 (3)	5,1	1 (2)	1,7	0
Osterøy			0,4	0	2,2	0
Stord	2,9	1			1,4	0
Ullensvang	5,9	2	8,7	2	7,9	3
Vaksdal	2,4	0			0,8	0
Voss	2,4	1	1,8	1	2,7	1
Øygarden	1,8	1	0,7	0	0,8	0
Vestland	3,4	2	1,6	1	1,9	1

371
372 *Alver 2011 = Lindås og Radøy*
373 *Bjørnafjorden 2011 = Os*
374 *Ullensvang 2011 = Ullensvang og Odda*
375 *Ullensvang 2015 = Odda*
376 *Øygarden 2011 og 2015 = Fjell*
377
378

379 Vedlegg 2

380 Årsrapport frå Raudt sitt samordningsstyre i Vestland 2019

381 Samordningsstyret har bestått av:

382 Hordaland: Frank Mo, Magne Hagesæter og Gunnar Rutle.

383 Sogn og Fjordane: Ingunn Kandal, Einar Rysjedal og Marie Kronen Tveranger.

384 Samordningsstyret har hatt fem møte i perioden: 24.03., 15.04., 11.06., 24.10. og 06.12.

385 Fylkesvalkampen

386 På program møtet for Raudt Vestland sitt fylkesvalprogram 23. mars fekk samordningsstyret i
387 oppgåve å ferdigstille valprogrammet saman med redaksjonskomiteen. 15. april hadde vi eit felles
388 heildagsmøte i Høyanger der alle mindre endringsforslag vart gjennomgått og forsøkt innarbeida i
389 valprogrammet.

390 Møtet 11. juni dreidde seg om valkampen og særskilt om utforming av felles materiell og om den
391 praktiske gjennomføringa av valkampen.

392 Økonomiarbeid

393 Etter valkampen har samordningsstyret arbeida med å lage eit budsjett for fordeling av
394 økonomiske overføringar frå fylkeskommunen og ein fordelingsnøkkel mellom partidistrikta.

395 Møtet 24. oktober handla hovudsakleg om fordeling av utgifter etter valkampen, om ei
396 prosjektstilling som fylkestingsgruppesekretær og om utarbeiding av felles nettside for Raudt
397 Vestland.

398 På møtet 6. desember var Sebastian Natvik frå Raud Ungdom med på møtet. På dette møtet
399 konstituerte styret seg med Magne Hagesæter som leiar, Ingunn Kandal som nestleiar og Frank
400 Mo som økonomiansvarleg.

401 Hausten 2019 har samordningsstyret forsøkt å få oppretta ei nettside for Raudt Vestland, men
402 dette har Raudt sentralt avvist.

403

404
405
406

5-20 Rekneskap 2019

a) Driftsregnskap

HR2019	DRIFTSRESULTAT 01.01.19-31.12.19	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Noter
Konto	INTEKTER	2018	2019	2019	
4001	Bevilgning fra Rødt sentralt	0	10 000	20 797	1)
4002	Overføring fra Bergen Rødt	0		15 000	2)
4003	Beinpenger - fylkets andel	38 324	35 000	14 349	3)
4004	Retur fond/medl.kont fra sentral	0	2 000	8 105	4)
4005	Overføring fra Fylkeskommune	300 000	282 832	282 832	5)
4006	Overføring fra Raudt Vestland frie midler				
4202	Diverse inntekter	3 062	2 000	885	
4203	Renteinntekter	2 074	2 000	792	
4204	Valgkampinntekt			2 420	6)
4207	bet egenandel	2 420		1 081	
4208	Valgkamp Innsamling lokal netto	0		1 637	7)
	Total		333 832	347 898	
	UTGIFTER				
3003	Frikjøp fylkestingsrepr.	0	12 000		
3004	Frikjøp sekretær	21 560	40 000	64 975	
3101	Husleie	51 090	51 300	53 100	
3201	Porto	0	3 000		
3202	Telefon, faks, internett	6 278	8 500	8 669	
3301	Strøm	7 626	8 000	6 090	
3401	Papir, rekvisita, kopiering, trykking	935	3 000	357	
3404	Trykt materiell	0			
3501	Kontorutstyr	2533.3	3 000	2 644	
3502	Forsikring kontorlokaler	624	650	672	
3503	Utstyr org sekret'r	0	2 500		
3504	Diverse kontorutgifter	11 679	16 000	9 790	
3505	Renhold kontor	14 146	14 400	14 402	
3601	Kopimaskin, leie, service	9 982	12 000	9 881	
3701	Reiser	6 019	20 000	434	8)
3702	Utgifter møter, konferanser	23 514	20 000	5 906	
3703	FStyret Reiser	7 151	10 000	2 281	
3704	FTgr Reiser	1 009	7 500	7 031	
3705	Reiser Org sekr	0		1 312	
3802	Odda stønad kontorleige i Odde	3 333	8 000	5 767	9)
3811	Bevilgninger til andre vk lag++	0	25 000	10 000	10)
3850	Valgkamp HRV	0	400 000	230 992	11)
3901	Diverse utgifter	0			
3902	Øverføring til sentralt	0			
3903	FykesStyre møtemat ++	1 707		1 556	
3904	FT gruppa div	0		4 295	12)
3905	FT gr møtemat++	804		1 151	
	Total		664 850	441 202	
	Intekter minus Utgifter (Underskudd)		-331 018	-93 305	

407
408

Noter Driftsrekneskap

1)	20797,- er sentral valkamp stønad 10000,- samt støtte til folkevalgtsamlinger oktober og desember Bergen og Stord
2)	15000,- er 10000 fra rødt Bergen sentrum og 5000 fra rødt Bergen nord
3)	Beinpengene er redusert grunnet skattesmell fra en som pleier å bidra mye
4)	Kontingent gjelder de medlemmene som ikke er knyttet til eksisterende lag
5)	Fylkesstøtten består av Gruppestønad: 13 1180,- Frikjøp 1 repr: 46 380,- Støtte opposisj.gr: 54 107,- Stemmestøtte: 3654x11,95 = 43665,- Fylke sml. 7500,-
6)	2420,- vk støtte fra Askøy slettet til gode for å dekke varslet støtte til valgkamp Vestland
7)	1637,- hovedsakelig vippsinnbet
8)	Reiser 434,- , det meste av reisekost registrert som vk reiser
9)	Odda 5767,- vedtatt ÅM2019 støtte til husleige kontor i Odda.
10)	10000,- er støtte til Sogn & Fjordane sin valgkamp
11)	Se spesifisert rekneskap i egen tabell
12)	4295 FTgr div er innkjøpt pc for FTgr sekretær

409

410
411
412

b) Valkamprekneskap

Raudt Vestland Valgkamp 2019 ført på Raudt Hdl	VK budsjett	Rekneskap
Utgifter til trets valgkamp(lønn +RU+)	237 000	129 828
Valgbod	8 500	7 076
Valgkamp reiser inkl skolevk	24 000	26 579
Valgkamp Program plakater	48 500	43 488
Valgkamp sentralt matr + rekv	20 000	7 144
Valgkamp Annonser	10 000	
valgkamp Møter	20 000	2 353
Valgkamp Arr.		507
Valgkamp rekvisitter	5 000	3 994
Valgkamp Fukt og snop	20 000	2 225
Valgkamp porto		1 012
Valgkamp div utg	7 000	6 786
sum	400 000	230 992

413
414
415
416
417

Balanse valgkamp Vestland mellom Raudt Hordaland og Raudt Sogn og Fjordane

Sum av Raudt Sogn og Fjordane-utgifter til Valkamp+Samordning	kr 37 930
Hordaland sine utgifter	kr 230 992
H og SogF sine samla utgifter	kr 268 922
SogF skal betale 14 %	kr 37 649
SogF har alt lagt ut	kr 37 930
<hr/>	
SogFj	kr 281
10000 sentral stønad S&Fj andel 14%	kr 1 400
1637 Vipps innsamling S&Fj andel 14%	kr 229
Raudt Sogn og Fjordane tilgode	kr 1 910

418
419
420

421

c) Kontoar

422

HR2019	STATUS pr. 31.12.19		
	AKTIVER	2018	2019
1103	Aksjepost Klassekampen	2 628	3 315
1108	Konto: Landkreditt 9365.15.41504	341 130	168 381
1109	Konto: Depositum 3624.67.99355	27 373	27 373
1901	Diverse tilgode	0	11 100
	Total		210 169
	PASSIVER		
2001	Raudt sentralt - avregningskonto	241 712	168 003
2021	Bergen - avregn.	-248 361	-251 961
2028	Rødt Askøy	2 420	
2691	Diverse gjeld	11 224	23 295
	Total		-60 662
	EGENKAPITAL		
2991	EGENKAPITAL 1/1 2019		364 136
	Kapital endring		-93 305
	Egenkapital 31/12 2019		270 831

423

424

425

426

427

Framlegg til vedtak:

428

Rekneskap for 2019 blir vedteke

429

430

431 **6–20 Handlingsplan for Raudt Hordaland**

432 **Prioriteringar i 2020**

433 Raudt Hordaland skal også i denne styreperioden delta i politiske og sosiale kampar av nasjonal
434 og lokal karakter. Politisk skal Raudt Hordaland fronte politikken til Raudt sentralt og jobbe lokalt
435 med saker som er aktuelle i fylket, og sette vår eiga politiske dagsorden.

436 Den viktigaste saken i perioden er arbeidet med å bygge organisasjonen og støtte dei folkevalde,
437 for å klargjere heile organisasjonen på alle nivå, med sikte på stortingsvalet 2021. Politisk skal
438 Raudt Hordaland prioritera å bygge vidare på alliansar med fagbevegelsen, miljøbevegelsen med
439 krafta for folket, naturmangfaldet og klimaarbeidsplassar på Vestlandet.

440
441 Vi har ein aukande medlemsmasse i heile fylket, i 2020 må distriktsstyret, i samarbeid med
442 regionsekretær, lage ein plan for aktivitetar med lokallaga og folkevalde i heile fylket. Distriktsstyret
443 har ansvar for å aktivisera medlemmane over heile fylket, også der vi ikkje har lokallag. Dette
444 arbeidet skal gjerast i samarbeid med regionsekretær, fylkestingsgruppa, større lokallag og
445 kommuneorganisasjonar som Raudt Bergen. Ordninga med fadder-lag, der allereie etablerte
446 lokallag er hjelpsame med oppstart og aktivisering av nærliggande lag skal oppretthaldast og
447 styrkast i 2020. Organisasjonsutvalet skal ha fokus på dette i sin 4-årsplan.
448 Årsplanen vert førande for arbeidet til regionsekretær i Hordaland.

449 **Samansetjing av styret, styrets funksjon**

450 I Hordaland er dei fysiske avstandane store, og ein har sett nytta av å fordela geografisk ansvar
451 for lagsoppfølging til distriktsstyrets medlemmar. Denne praksisen vil distriktsstyret føre vidare i
452 2020.

453
454 Distriktsstyret skal også på fyrste ordinære distriktsstyremøte fordele politiske og organisatoriske
455 ansvarsområder til styremedlemmene. Hensikta med dette er å konkretisere distriktsstyret sin
456 funksjon. Distriktsstyret ved leiar har arbeidsgjevaransvar for tilsette i distriktslaget, men ansvaret
457 kan delegerast til andre i distriktsstyret.

458
459 Som arbeidarane sitt parti er det viktig å halde fokus på vår rolle som arbeidsgjevar, og
460 vidareutvikle denne rolla med støtte frå sentralt. Distriktsstyret har det organisatoriske ansvar for å
461 koordinere aktivitetar, og halde kontinuerleg kontakt med gruppeleiaren samt resten av
462 fylkestyregruppa i Fylkestinget. Distriktsstyret er også talerøyr for forslag frå lokallaga. I tillegg
463 skal styret halde løypande kontakt med landsstyrerepresentanten og støtte opp om denne. Det er
464 viktig at distriktsstyret og LS-representanten arbeidar for at heile distriktslaget vert involvert i den
465 nasjonale politikuttviklinga og blir invitert med i arbeidet for å setje den politiske agendaen frå
466 Vestland inn i partiet sentralt.

467 **Tiltak frem til distriktsårs møtet 2021**

468 Distriktsstyret og AU skal i samarbeid med HMS ansvarleg etablere transparente og klare
469 retningslinjer og informasjon om tenestveg for tilsette, som sikrar godt arbeidsmiljø.

470 **Stortingsvalkampen**

- 471
472
473
474
475
476
477
478
479
480
481
- Nominasjonsmøtet for stortingsvalet 2021 skal gjennomførast tidleg på hausten 2020.
 - Distriktsstyret skal sørge for at strategiutvalet kjem i gong med å utarbeide ein strategi for valet 2021. Denne skal ta sikte på korleis Raudt Hordaland kan kapre eit direktemandat samt utjamningsmandat ifrå Hordaland.
 - AU skal samarbeide med strategiutvalet og programutvalet, om å arrangere program- og strategikonferanse hausten 2020.
 - AU og distriktsstyret skal setje ned eit valkamputval med mandat som inneheld ei skisse for

482 praktiske oppgaver og tidslinje for desse, program, plakatar, distribusjonsplan etc.

- 483 • AU skal arbeide frem stillingsinstruks og utlysning for valkampsekretær i tråd med
- 484 valkampstrategien 2021, før årsmøtet i 2021.
- 485 • Distriktsstyret skal ta initiativ til eit formøte med vår landsstyrerepresentant i forkant av
- 486 landsstyremøta slik at vi er oppdaterte på landsstyresakene.

487

488 **Organisasjon**

489 Organisasjonsutvalet og AU har ansvar for organisasjonsbygging. Saman med regionsekretær har

490 organisatorisk nestleiar ansvar for samarbeid med eksisterande lag og regionsrepresentantar for å

491 vidareutvikle partiorganisasjonen og arrangere ev. kurs eller politiske foredrag.

492 Fylkestingsgruppa er ein resurs i partibyginga, AU og regionsekretær skal lage ein plan i lag med

493 fylkestingspolitikarane og samordningsstyret, slik at dei folkevalde kan delta på lokallagsmøte for å

494 innleie om fylkestingspolitiske sakar

495

496 Regionsekretæren skal vere ein ressurs i det organisatoriske arbeidet, og vil jobbe ut frå

497 halvårlege planar avtala med arbeidsleiar i distriktsstyret. Hordaland har mange nye medlemmar

498 og bør prioritere å utvikle lokallagsstrukturen slik at alle medlemmar har gode tilbod om politisk

499 deltaking.

500

501 Mål for perioden:

- 502 • Nye lokallag i kommunane Austrheim og Etne
- 503 • Nye lokallag i Bergen der vi i dag ikkje har bydelslag og i nabolag med stor konsentrasjon
- 504 av medlemmar
- 505 • Etablere eit fagleg utval
- 506 • Etablere bransjebaserte lokallag der det er mogleg
- 507 • 1000 medlemmar
- 508 • Sørge for at alle lokallag får tilbod om lagsstyrekurs

509

510 **Politisk arbeid**

511

512 Mål for perioden:

- 513 • Ta ei aktiv rolle i førebuing av saker som skal opp i fylkestinget og hjelpe fylkestingsgruppa
- 514 • Ta opp
- 515 • Ta initiativ til å styrke forholdet mellom distriktsstyret og fylkestingsgruppearbeidet, ved å
- 516 arrangere felles møte og samlingar
- 517 • Leiar eller andre ifrå AU skal i lag med fylkestingsgruppeleiar arbeide frem
- 518 samarbeidsavtalar med LO regionalt og lokalt
- 519 • Distriktsstyret skal ta initiativ til eit formøte med vår landsstyrerepresentant i forkant av
- 520 landsstyremøta slik at vi er oppdaterte på landsstyresakene.

521

522 **Økonomiarbeidet**

523 Distriktsstyret skal gjennomføre ein kampanje for å auke talet medlemmar på rødtrev-ordningen.

524

525 Før sommaren skal det gjennomførast ein kampanje for å få medlemmar til å betale kontingent.

526 Distriktsstyret skal legge til rette for at alle lokallaga gjer ein innsats for dette.

527

528 Nye lokallag skal få økonomisk støtte dersom dei treng det og få bistand til økonomiarbeidet.

529

530 **Forslag til vedtak:**

531 Handlingsplanen for 2020 blir vedteke

7-20 Budsjett 2020

HR2019	BUDSJETT 2020	Rekneskap 2019		Budsjett 2020	
Knr	Inntekt				
4001	Bevilgning fra Rødt sentralt	20 797	1)	0	
4002	Overføring fra Bergen Rødt	15 000	2)	0	
4003	Beinpenger - fylkets andel	14 349	3)	0	
4004	Retur fond/medl.kont fra sentral	8 105	4)	73 000	13)
4005	Overføring fra Fylkeskommune	282 832	5)	0	14)
4006	Overføring fra Raudt Vestl. frie midler			172 000	15)
4202	Diverse inntekter	885		115 000	16)
4203	Renteinntekter	792		800	
4204	Valgkampinntekt	2 420	6)	0	
4207	bet egenandel	1 081		0	
4208	Valgkamp Innsamling lokal netto	1 637	7)	0	
	Total	347 898		360 800	
	UDGIFTER				
3001	Lønn org.sekretær				
3002	Lønn og frikjøp - div				
3003	Frikjøp fylkestingsrepr.				
3004	Frikjøp sekretær	64 975		95 000	17)
3101	Husleie	53 100		54 100	
3201	Porto			150	
3202	Telefon, faks, internett	8 669		7 500	
3301	Strøm	6 090		8 000	
3401	Papir, rekvisita, kopiering, trykking	357		1 000	
3404	Trykt materiell				
3501	Kontorutstyr	2 644		10 000	
3502	Forsikring kontorlokaler	672		800	
3503	Utstyr org sekret'r			2 500	
3504	Diverse kontorutgifter	9 790		12 000	
3505	Renhold kontor	14 402		15 000	
3601	Kopimaskin, leie, service	9 881		15 000	
3701	Reiser	434	8)	10 000	
3702	Utgifter møter, konferanser	5 906		10 000	
3703	FStyret Reiser	2 281		10 000	
3704	FTgr Reiser	7 031			
3705	Reiser Org sekr	1 312		2 000	18)
3802	Odda stønad kontorleige i Odda	5 767	9)	6 000	19)
3811	Bevilgninger til andre vk lag++	10 000	10)	2 000	
3850	Valgkamp HRV	230 992	11)		
3901	Diverse utgifter			6 910	20)
3902	Øverføring til sentralt				
3903	FykesStyre møtemat ++	1 556			
3904	FT gruppa div	4 295	12)		
3905	FT gr møtemat++	1 151			
	Total	441 202		267 960	
	Intekter minus Utgifter (Underskudd)	-93 305		92 840	

Noter til budsjett

13)	73.000,- 30 % av medlemskontingent til distriktsorganisasjonen . Lagene får 40% (mot før 50%) og Rødt sentralt som tidligere fikk halvparten får no 30%
14)	0,- Det er samordningsstyret i samarbeid med FT gruppen som no disponerer midlene fra FT Vestland. Raudt Hdl får difor ikkje direkte løyving
15)	172.000,- er fordeling av «frie midler» som kommer fra Vestland fylkeskommune. Disse midlene deles mellom S&F og Hordaland etter stemmetallet ved valg som var 86% og 14% (sjå eigen tabell)
16)	115.000 kontorkostnad Hans Hauges gate 17 som Hordaland tidligere dekket av fylkesmidler blir dekket av midler fra fylkestønad til Raudt Vestland som fordeles av Samordningsstyret
17)	95.000,- Sekretær distriktsstyret konstitueres i det nyvalgte styret. Lønnsmidlene brukes til frikjøp .
18)	Organisasjonssekretær får også dekket utstyr fra samordningsstyret sitt budsjett
19)	Kontoret i Odda har fått midler frå Raudt sentralt, Raudt Hordaland og egne midler. Raudt Ullensvang har små økonomiske midler og treng fortsatt støtte til å leige kontor i LO bygget i Odda.
20)	6910 inludert 1910 i Valgkamp utjevningstøtte til Raudt Sogn & Fjordane (se eigen tabell)

Budsjett Raudt Vestland

Raudt Vestland 2020 budsjett	Inntekt	Utgift
FK stønad Gruppestønad	151 650	
FK stemmestønad	330 248	
FK frikjøp midler	20 640	
Beinpenge/møtegodtgjersle	25 000	
Følgevald konferanse	21 000	21 000
FT gr sekretær funksjon		150 000
Kontordrift Bergen		115 000
Org sek kontor		5 000
FT gr samlinger		30 000
Representasjon reiser&div		27 538
delsum		348 538
Til fordeling distriktsorganisasjoner		200 000
Summert	548 538	548 538
14% av 200.000 til Raudt S&Fj		28 000
86% av 200.000 til Raudt Hordaland		172 000

Framlegg til vedtak:

Budsjett for 2020 blir vedteke

8-20 Fråsegner

Blir presentert på årsmøtet

9-20 Val av nytt styre og samordningsstyre

Valkomiteen har bestått av Helga Holmefjord og Daniel Ducrocq

Innstilling til nytt distriktsstyre:

Arbeidsutvalget:

- Leder: Rose Maiken Flatmo (Stord/ Bergen) **ny**
- Nestledere (alle tre er kandidater, det skal velges to):
 - 1) Stian Nerdal Berntsen (Bergen) **ny**
 - 2) Johan Lavik (Bergen) **ny**
 - 3) Reidun Kjome (Askøy) **ny**
- Økonomiansvarlig: Frank Mo **gjenvalg**

Øvrige styremedlemmer:

- Nordhordland: Toril Mongstad (Alver/Lindås), vara Hendrik Weber (Alver/Radøy).
- Midthordland: Silje Paulsen (Askøy), vara Ingrid Furevik (Øygarden)
- Sunnhordland: Arvid Mørk Mikkelsen (Bømlo), vara Gaute Lund (Kvinnherad)
- Voss: Bridget Penny, Bjarte Kaldestad
- Hardanger: Sindre Måge (Ullensvang), vara Odd Idar Olsen (Ullensvang)
- RU utnevner egen kandidat.

Innstilling til nytt samordningsstyre

Det skal veljast 3 faste og 1 vara til samordningsstyret. Den siste faste representanten presenterer valkomiteen direkte på årsmøtet.

Faste:

- Frank Mo (gjenvalg)
- Stian Stavland (ny)
- *Fast representant presentert direkte på årsmøtet*

Vara:

- Gunnar Rutle (ny som vara, fast medlem i 2019)

10-20 Val av ny valkomité

Blir presentert på årsmøtet

11-20 Val av revisor

Blir presentert på årsmøtet